



Inge Martin Waage
Sildevågen 44
5947 Fedje

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/258 - 23/4603

Sakshandsamar:
Merethe Svarstad
merethe.svarstad@fedje.kommune.no

Dato:
12.09.2023

Delingssak 172/113- Løyve til frådelling

Eigedom: Gnr. 172, Bnr. 113 i Fedje kommune

Adresse: Sildevågen 37, 5947 Fedje

Tiltakshavar: Inge Martin Waage

Tiltaket: Frådelling av fritidsbustadtomt frå Gbnr 172/113.

1. SØKNADEN OMFATTAR:

Det er søkt om frådelling av ny fritidsbustadtomt frå Gbnr 172/113. Det skal delast ifrå eit areal på 5500 m2.

Søknaden kom inn til kommunen 21.07.2023, og var klar for sakshandsaming 04.09.2023.

2. VEDTAK

Vedtaket vert gjeve med delegert mynde og med heimel i Plan- og bygningslova § 21-4.

Det vert gjeve løyve til omsøkt frådelling til ny fritidsbustadeigedom kring eksisterande bustad og andre bygg for areal på 5500 m2.

3. GRUNNGJEVING FOR TILTAKET

3.1 Planstatus

Tiltaket fell inn under følgende planar:

Kommuneplan

Kommuneplanens Arealdel 2012-2024, plan-id.: 1265-201201

Arealføremålet er bygningar og anlegg.

Tiltaket er i tråd med arealføremålet.

3.2 Veg, vatn og avløp

Fedje kommune si teknisk avdeling har godkjent auka bruk av kommunal avkøyrsløse og godkjent løysing for avløp med utslepp med slamavskiljar for utslepp i sjø og minireinseanlegg.

Det er lagt ved erklæring om vegrett til ny fråskild parsell frå Gbnr 172/113.

3.3 Nabovarsling

Tiltakshavar har nabovarsla tiltaket i samsvar med Plan- og bygningslova § 21-3. Kommunen har ikkje motteke merknader til tiltaket.

3.4 Rekvirent av oppmålingsforretning

Heimelshavar av Gbnr 172/113 er Inge Martin Waage, og han har signert som rekvirent for oppmålingsforretninga.

Kommunen si oppmålingsavdeling vil ta kontakt med dykk for å avtale nærare om tid og stad for oppmåling. De vil få eige brev om dette.

4. KLAGADGANG

Vedtaket kan påklagast, klagefristen er tre veker frå den dagen underretning om vedtaket kom fram til vedkomande part. Sjå eige vedlegg angående rett til å klage.

Med helsing

Merethe Svarstad
Byggesakshandsamar
Tlfnr: 48173241

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Inge Martin Waage

Sildevågen 44

5947

Fedje

Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Fedje kommune	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)
③ Mottakar (namn og adresse)	Dato ④ Klageinstans Statsforvaltaren i Vestland
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④.</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevje grunningjeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunningjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunningjeving for fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunningjevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjolv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	

0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve